

Russerevy-premiere torsdag

02.02.2010



**Torsdag er russen klar med revypremiere i kulturhuset på Husnes og revyen er spekka med lokalstoff sjølv om han ikkje har nokon raud tråd. Ein uskedeling er med denne gongen - det er Karoline Neset.**

Revysjef Tonje Solheim fortel til Kvinnheringen av dei raude vil ta for seg til dømes lokale heltar og kaotiske tilstandar ved skulen i byggjeperioden og at mykje får nye vriar og innfallsvinklar. Dei meiner at dei ikkje er direkte stygge med nokon.

Mykje fin musikk, flotte songnumre og dansing og artige sketsjar blir også lova. Revysjefen har hatt instruktørhjelp av Karianne Solheim og Nils Trygve Markhus. Det blir også framsyning på laurdag.

På biletet er det nummeret 'It's raining men' som blir innøvd.

(Foto: Kvinnheringen)